



HORDALAND
FYLKESKommUNE

Retningslinjer for Arbeidskøyringa i Hordaland

Gjeldande frå 1.juli 2018



18.06.2018

Innhald:

1. Formål

Transportordninga for funksjonshemma er eit ikkje lovfesta tilbod til innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte det ordinære kollektive rutetilbodet.

Godkjente TT-brukarar kan søke om stønad til arbeidsreiser.

2. Arbeidskjøring

Arbeidstakarar som har varig tilrettelagt arbeid (VTA):

Tilbod om arbeidskjøring gjeld mellom heim og arbeidsstad.

Varige uføretrygda personar som deltek i eit varig tilrettelagt arbeid (godkjent VTA plass) og som treng særskilt tilrettelagt transport til og frå arbeid, kan søkje om stønad til transport.

For å kunne søkje om arbeidskjøring må ein vere godkjent TT-brukar.

Søkjaren må oppfylle følgjande vilkår for å kunne bli innvilga særskilt transport til og frå arbeidsstaden:

- Søkjar må ha varige forflytningsvanskar som medfører at ein ikkje kan reise til og frå arbeidet med vanleg rutegåande transportmiddel.
- Reisa må føre til så store belastningar at det ikkje er rimeleg å krevje at ein skal nytte rutegåande transportmiddel.
- Varige forflytningsvanskar skal dokumenterast med legeerklæring.
- Ein fell utanfor ordninga dersom ein har fått bil gjennom folketrygda.
- Andre løysingar må ikkje vere mogeleg.
- Transporten skal samordnast i den grad dette er mogeleg.
- Det skal betalast ein eigendel for slik transport.

Ved søknad om særskilt transport til og frå arbeidsstaden skal eiga skjema nyttast. Søknadsskjema finn ein på Hordaland fylkeskommune sine heimesider www.hordaland.no/tt eller ved å vende seg til samferdselsavdelinga.

3. Eigendel ved arbeidskjøring

Eigendelen for arbeidskjøring tur/retur er slik:

- kr. 500,- pr. måned for 5 arbeidsdagar i veka
- kr. 400,- pr. måned for 4 arbeidsdagar i veka
- kr. 300,- pr. måned for 3 arbeidsdagar i veka
- kr. 200,- pr. måned for 2 arbeidsdagar i veka
- kr. 100,- pr. måned for 1 arbeidsdag i veka.

Brukarar som berre nyttar arbeidskjøring ein veg betaler halv eigendel.

4. Utmelding av transportordninga - flytting m.v.

Brukarar som flytter frå fylket misser brukargodkjenninga.

Ein må melde frå om flytting, dette gjeld og innan Hordaland, slik at brukaren kan verte registrert i ny heimkommune.

5. Klage

Ved klage gjeld reglane i forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd.

Klagefristen er i følge forvaltningslova § 29 1. ledd 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Klagen skal sendast til samferdselsavdelinga, og vert vidare vurdert av 3 legar i legenemnda. Dersom klagen ikkje vert teken til følge, går saka vidare til den fylkeskommunale klagenemnda.

6. Endringar

Fylkeskommunen kan til ei kvar tid gjere endringar i retningslinjene for transportordninga, også med verknad for dei som alt er omfatta av ordninga.